

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

10.04.2015

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmann

Medlemmane av
Kontrollutvalet

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet.

**torsdag, den 16. april 2015 kl. 14.00
i Formannskapssalen**

SAKLISTE:

- Sak 12/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 25. februar 2015
« 13/15 - Årsmelding 2014 – Sykkylven kontrollutval
« 14/15 - Vedkomande friområde i følgje Kommunedelplan 2003-2014
« 15/15 - Vedk. utfakturering Kulturhuset
 Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar
eller e-post harlald.rogne@sksiks.no

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 25. februar 2015, kl.13.00

Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth og Ole Bjørn Roald (ikkje tilstades i sak 08/15).

Anita Søvik hadde forfall.

= 3 og 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå Sykkylven kommune møtte, ordførar i sak 06/15 og 09/15 og økonomisjef Arild Bergstrøm var tilstades i heile møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 06/15
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. JANUAR 2015**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. januar 2015 blir godkjent.

**SAK 07/15
VEDKOMANDE SAK 04/15 OM FORVALTNINGA SI RETTLEIINGSPLIKT**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.02.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser på saka som avklara og finn ikkje at kommunen har brote si rettleatingsplikt.

SAK 08/15**VEDKOMANDE SAK 03/15 OM PERSONALKONFLIKT I SYKKYLVEN KOMMUNE,
B-SAK**

Saksdokument datert 19.02.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Det vart fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova § 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til saksdokumenta, forliket under rettsaka og det arbeidet partane har lagt ned i saka og ser på saka som avslutta.

SAK 09/15**INFORMASJON OM RAMMEAVTALAR I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Saksdokument datert 19.02.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Økonomisjef Bergstrøm orienterte: Sykkylven kommune har kome langt i å oppfylle lov om offentlige anskaffelser. Kommunen har omlag 70 rammeavtalar og eit samarbeid med Ålesund kommune. Kommunen bruker anbod på banktenester og på pensjon. For små oppdrag blir det ikkje brukt anbod, det blir for dyrt vart det opplyst. Kommunen har ikkje rammeavtalar på gravearbeid og asfaltering. Det er venta forbetingar frå 1. januar 2015, men kommunen er ikkje heilt i mål på dette området og det skjer nok framleis ulovlege innkjøp.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 10/15**INTERN DRØFTING AV TIDLEGARE BEHANDLING AV BYGGESAKSBEHANDLING**

Saksdokument datert 19.02.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Økonomisjef Bergstrøm opplyste at kapasitet i byggesaksbehandling vil bli eit tema i kommunen si årsmelding.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar rapportering om temaet i årsmeldinga for 2014.

SAK 11/15

INNKREVING AV REKNINGAR PÅ KULTURHUSET (Saka kom opp under eventuelt)

Det vart opplyst i møtet at det til tider blir sein utsending av rekningar for leige av kulturhuset. Bergstrøm opplyste at rutinen er månadleg fakturering. Eit viktig tema er at fakturagrunnlaget ikkje blir gammalt før det blir lagt fram for fakturering. Økonomisjef Bergstrøm ville oppdatere kontrollutvalsekretariatet om situasjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar rapportering frå økonomisjefen.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i
Sykkylven kommune

Dato: 13.04.2015

SAK 13/15

FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2014 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16.04.2015 blir vedteke som årsmelding 2014 for Sykkylven kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

SYKKYLVEN KOMMUNE KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2014

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale felleskapet med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rolla si. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2014 og dermed kva utvalet har gjort for å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og sammensetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og kommunerevisjonen. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2011 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Odd Jostein Drotninghaug (Sp)
Nestleiar: Sigmund Valbø (Krf)
Medlem: Grethe Melseth (Ap)
Medlem: Ole Bjørn Roald (H)
Medlem: Anita Søvik (Sp)

Aktiviteten i året og dei viktigaste sakene

Kontrollutvalget har hatt 7 møte i 2014 og behandla 37 saker. Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpende oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret, blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen.

Når kontrollutvalet har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon betre kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sin rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar og forpliktande plan. Kontrollutvalet har behandla forpliktande plan som eiga sak basert på ein kritisk rapport frå kommunerevisjonen. Også i 2014 har kontrollutvalet – som i si tid tok initiativet til å krevje erstatning frå Nordea - engasjert seg tungt. Kontrollutvalet har vidare behandla ei sak om prosjektstyring ved bygging av Støyskerm Tregardane. Ei stor og viktig sak var forvaltningsrevisjonsrapporten om legestenestene som vart behandla 2 gongar i kontrollutvalet, første gongen i desember 2014.

Det hender stadig oftere at kontrollutvalet blir kontakta av private som ønskjer å få vurdert korleis kommunen har behandla dei i si saksbehandling. Dette var situasjonen også i 2014. Kontrollutvalet vurderer i kvart enkelt tilfelle om ei slik sak skal bli behandla. Ei av desse sakene som vart behandla var saksbehandlinga ved koordinerande eining for rehabilitering og habilitering.

Medlemane i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming.

Sykylven, den 16.04.2015

Odd Jostein Drotninghaug leiar (sign.)	Sigmund Valbø nestleiar (sign.)	Grethe Melseth medlem (sign.)	Ole Bjørn Roald medlem (sign.)	Anita Søvik medlem (sign.)
--	---------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------------------	----------------------------------

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykylven kommune

Dato: 13.04.2015

**SAK 14/15
VEDKOMANDE FRIOMRÅDE I FØLGJE KOMMUNEDELPLAN 2003 - 2014**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå Turid Kruger med fleire datert 22.02.2015

Store deler av deira eigedom har blitt innteikna som friområde i ovannemnde kommunedelplan. Dei er m.a. opptekne av at slike djuptgåande inngrep i privat eigedom ikkje vart varsle eigarane i eige brev. Dei ønskjer at kontrollutvalet skal gå inn i saka.

Det blir lagt opp til å bestemme om kontrollutvalet skal sjå nærare på saka. Det blir ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

FOR LILLY KALVATN

Syklyvsvegen 1053
6220 Straumgjerde

22. februar 2015

Kontrollutvalget v/Odd Jostein Drotninghaug
Sykkylven kommune

Klageskriv angående friområde.

Saka gjeld gardsnr 24 bruksnr 28 og 23.(bruksnr 23 vart kjøpt til eigedommen 15.08 1968)
eigar Lilly Kalvatn

Då saka angående gang og sykkelveg i 2004 starta, vart vi oppmerksam på at heile eigendommen, utenom huset og området mot vegen var blitt inntegna som friområde.(Kommunedelplan 2003-2014) Vi reagerte med vantru då vi såg det, men måtte også innsjå at far, og vi hadde ikkje vore oppmerksam på at sanne ting var på gang. Vi påpeika saka, og vi møtte stor vilje til å rette opp det som også politikere i plannemda då meinte måtte vere feil.

Trass i stor velvilje, skjedde ingenting.

Det vi også reagerte på var at sanne djuptgripande inngrep i en privat eigedom, ikkje vart varsla eigarane i eit eget brev!

Det vi no forlanger, er at eigedomen blir gitt tilbake til grunneigar uten heftelser. Vi ser i dag at salg av huset er det einaste som er naturlig, etter som mor no er så sjuk at ho ikke kjem tilbake til heimen sin ved vatnet. Men da kan ikke en slik heftelse ligge på tomta.

Vi krev no at kontrollkomiteen i Sykkylven kommune tar tak i saka, og at dei behandler sine innbyggjarar med respekt, slik at den openbare feil som vi meiner har vore gjordt, blir retta opp.

Med vennlig hilsen,

Turid Kruger Leif Kalvatn Jorun Kalvatn Olav Kalvatn Robert Kalvatn

Svar sendes til

leif.kalvatn@xl.no

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 13.04.2015

**SAK 15/15
VEDKOMANDE UTFAKTURERING KULTURHUSET**

I sak 11/15 behandla kontrollutvalet tenmaet innkreving av rekningar på Kulturhuset. Det vart opplyst i møtet at det til tider blir sein utsending av rekningar for leige av Kulturhuset. Økonomisjef Bergstrøm opplyste at rutinen er månadleg fakturering. Eit viktig tema er at fakturagrunnlaget ikkje blir gammalt før det blir lagt fram for fakturering. Økonomisjef Bersgstrøm ville oppdatere kontrollutvalsekretariatet om situasjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak var følgjande:

Kontrollutvalet avventar rapportering frå økonomisjefen.

I følgje opplysninga frå kommunen har dette arbeidet kommunen skulle gjere i forhold til problemstillinga teke lengre tid enn pårekna og er ikkje ferdig.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.

Harald Rogne
dagleg leiar